



## Invitasjon til Landsskyttarstemnet 28. juli til 4. august 2023 på Voss!



Det er ei stor glede for Voss skyttarlag å invitera til Landsskyttarstemnet for andre gong på Skjerve skytearena. Landsskyttarstemnet vart arrangert her for første gong i 2012 med 4600 deltakarar. Vi håpar på minst same tal skyttarar i 2023! Som tidlegare er Voss skyttarlag einarrangør, men det er lagt opp til eit tett samarbeid med skyttarlag i nærleiken samt lokale lag og foreiningar på Voss.

### Innkvartering / Skyttarcamp

Den gamle flystripa på Bømoen som vart nytta til hovudcamp i 2012, er tatt i bruk til industrielle formål. For LS 2023 er det derfor laga til tre skyttarcampar med plass til ca. 750 vogner til saman. LS 2023 har inngått ein prisavtale med Voss Energi AS som gjer at vognplass på Camp 1 og Camp 2 blir kr. 2.950 inkl. mva utan tillegg/etterfakturering av straum som tidlegare annonsert.

**Camp 1** er i Bømoen leir og har 200 vognplassar. For LS 2023 leiger vi i tillegg ut alle brakker og hus i leiren. Det vil såleis også bli husrom å få i nær gang/sykkelavstand til arena på Skjerve skytebane.

**Camp 2** er på eit 73 daa område nær skytebanen som LS 2023 disponerer til kombinert camp og parkering. Kort avstand til arena. 300 vognplassar.

**Camp 3** er hos [www.Smalahovetunet.no](http://www.Smalahovetunet.no) ved Lønavatnet, 250 vognplassar 14 km frå skytebanen.

På vår heimeside er det lagt ut informasjon om andre moglege overnattingsstadar i regionen. Vi har også organisert moglegheit for å leiga private hus/husvære. Slike er å finna på [www.dfs.no/landsskytterstevnet](http://www.dfs.no/landsskytterstevnet)

**Påmelding skyttarcamp** vil opna 1. april. Først vil samlaga få 3 veker til påmelding, deretter skyttarlaga 2 veker. Frå 10. mai opnar vi for enkelt deltakar.

**Påmelding skyting** vil også opna 1. april. Informasjon om påmelding vil koma frå Det frivillige Skyttervesen. Påmeldingsfrist er 15. juni. Etter denne datoen aukar prisen for å melde seg på.



## Opningsseremoni vert på arena

Den startar kl. 15 laurdag 29. juli, og vil innehalda både spektakulære innslag og tradisjonelle seremoniar.

## Avstandar/Parkering

LS 2023 vil verta det mest kompakte LS nokon gong. Gangavstand frå bane- til feltarena 250 meter! Gangavstand frå Camp 2 til arena 250 meter Gratis buss går kontinuerleg til/frå Bømoen leir/Camp 1 til skytebanen Dette er ein flat strekning på ca. 1500 meter, som eignar seg svært godt for sykling.

Parkering, det er plass til ca. 2000 køyretøy på parkeringsplassen som ligg i tilknytning til Camp 2, 600 meter frå skytearena. Det vil gå kontinuerleg buss frå parkering til arena.

Vi oppmodar alle til å ta med sykkel til LS 2023. flatt terreng både frå Leir/Camp 1 og Parkering/Camp 2 til arena. Det er sykkelløyper i Bømoen for trening/mosjon, samt høve til å leiga sykkel på Voss.

## Skyting

Innleiande skyting startar laurdag 29. juli, ved stor påmelding vil V65 skyta fredag 28. juli.

Militært NM er ein del av Landsskyttarstemnet. Skytingane for HK 416 vert gjennomført 1. og 2. august.

NM Skogsløp vert arrangert 3. august med start- og målområde i tilknytning til hovudarena.

Deltakarkort vert utlevert frå servicetorget på arena frå fredag 28. juli - onsdag 2. august.

## Gåvepremiar

Vi ber om at skyttarlag og skyttarsamlag samt privatpersonar bidrar med ein pengesum til gåvepremiar. Gåvepremiarane vert i hovudsak frå Hardanger Bestikk, og som i 2012 var veldig populære premiar.

Innbetaling til gåvepremiar gjer du lettast til LS 2023 sitt premiekontonr.: **9581.16.18455**.

Premiar må hentast i løpet av stemna.

## Fritidsaktivitetar

Voss har mange aktivitetar å tilby!

I tillegg til skyting, sjekk dei ut på: [www.visitvoss.no](http://www.visitvoss.no) og [www.ls2023.no](http://www.ls2023.no) – fane «Dette skjer på Voss».

## Generell informasjon

Heimeside: [www.ls2023.no](http://www.ls2023.no)

Facebook: Landsskyttarstemnet på Voss 2023

E-post: [post@ls2023.no](mailto:post@ls2023.no)

[innkvartering@ls2023.no](mailto:innkvartering@ls2023.no)

Telefon/SMS: 48 39 90 91

Skyteteknisk: [skyteteknisk@ls2023.no](mailto:skyteteknisk@ls2023.no)

Arena: [arena@ls2023.no](mailto:arena@ls2023.no)

Det frivillige Skyttervesen: [www.dfs.no](http://www.dfs.no)

Hjarteleg velkomen til Voss!

Sigurd Liland

Leiar hovudkomiteen

[HK-leiar@ls2023.no](mailto:HK-leiar@ls2023.no)

